

Mobilforbod - evaluering og forslag framover

Ostereidet, 05.04.16

Elevrådet har i dag, 05.04.16, evaluert noverande mobilforbod, og sett på løysingar framover.
Elevrådet har stort sett vore samstemte om det som har vorte teke opp.

Det er stor semje om at dagens mobilforbod er lite tilfredsstillande. Det er svært få elevar som har mobilen i sekken, slik som påbodet seier. Det kan vere fleire grunnar til dette, men det er mange som vel å ha mobilen i jakkelomma eller bukselomma, fordi dei då har kontroll på mobilen, og dei slepp å engste seg for at den blir stolen eller øydelagd. I tillegg opplever elevane at forbodet kan verke urettferdig og vilkårleg. Nokre lærarar er strengare enn andre – og det er ofte tilfeldig kven som blir teken eller ikkje. Slik sett kan merknadar bli misvisande i forhold til kor mange som faktisk nyttar seg av mobilen i løpet av skuletida.

Mobilhotell er vorte lansert som forslag til endring av mobilreglane. Dette synes elevrådet har mange negative sider som ein bør tenkje nøyne gjennom før ein eventuelt tek ei avgjersle om dette. Mobilane er verdt mange tusen kroner, derfor er det store verdiar som skal oppbevarast – noko som må samanliknast med å oppbevare pengar. Elevane synes derfor det er utrygt å levere frå seg mobilane. Om skulen tek ansvar for mobilane og låser dei inn på eit kontor eller liknande, vil dette føre til skulen til ein kvar tid har eit betydeleg økonomisk ansvar, då det er store verdiar det er snakk om. Det vil også føre til vanskar med å bruke mobilen i skulesamanhangar og om eleven ventar på viktige meldingar. I tillegg er det ei utfording for skulen å finne praktiske løysingar med kven som skal vere ansvarleg for mobilhotella då dei har fleire ulike lærarar frå dag til dag. Dersom kvar elev hadde hatt sitt eige skap med eigen hengelås, så hadde det vore ei løysing som kunne fungert bra i samband med mobiloppbevaring – men elevrådet er innforstått med at dette vanskeleg lar seg gjere i praksis.

Elevrådet si oppfatning er derfor at ein fram til sommaren har ei prøveordning der ein går tilbake til slik det var før mobilforboden, det vil seie at elevane kan bruke mobilen i friminutta, men ikkje i timane utan avtale med lærar. Sjølv om elevrådet ser utfordringane med at mobilen kan misbrukast til for eksempel med å ta biletet utan lov og overdriven speling i friminutta, at dette er ei betre løysing enn det som er no, og betre enn å innføre eit mobilhotell utan skikkelege løysingar for sikkerheit og det som går på det praktiske.

Elevrådet:

Rolf Thorarinn Heum

Ole-Adrian Johansen Foldnes

Marius Hellan Hindenes

Ola Fammestad Hindenes

Markus Nyhammer Haugen

Simen Fammestad

Referent: Geir Torsvik, elevrådsansvarleg